# Senterungdommens stortingsvalgprogram 2025 – 2029

## *Nær folk i hele Norge*

## Forord:

Senterungdommen sitt stortingsvalgprogram er grunnlaget for den helhetlige politikken Senterungdommen ønsker å føre for stortingsperioden 2025-2029.

Politisk utvalg har i løpet av året 2024 pekt på de løsningene vi mener løser de utfordringene Norge står ovenfor de neste 4 årene. Dette er løsninger som vi mener tar hele landet i bruk og som sørger for trygghet i en urolig hverdag. Politisk utvalg har gjennom flere høringsrunder fått innspill fra Senterungdommer og andre organisasjoner. Dette ligger til grunn i vårt arbeid. Politisk utvalg har i år bestått av Nils Forren (leder), Dordi Boksasp Lerum (nestleder), Johannes Bakke, Marit Andrisdotter Kvam, Martin Tøllefsen, Marthe Almåsstø Lundgjerdingen, Sander Eide Aase og Ronja-Marie Meyer-Larsen

**Innholdsfortegnelse**


Næringspolitikk ... 3
- Jordbruk ... 4
- Skog ... 6
- Industri ... 7
- Olje og gass ... 7
- Energi ... 8
- DISSENS 1: KJERNEKRAFT ... 9
- Mineralnæring ... 9
- DISSENS 2: GRUVEDRIFT PÅ HAVBUNNEN ... 10
- Fiskeri og havbruk ... 10

Samferdsel ... 11
- Kollektivtransport ... 11
- Jernbane ... 12
- Veg og persontrafikk ... 13
- DISSENS 3: VEGSTANDARD ... 13
- Sjøfart ... 14
- Infrastruktur ... 14
- Fly ... 15

Klima og miljø ... 15
Rovvilt ... 16
Helse ... 17
- Helsetjenestene ... 17
- Rus ... 18
- Folkehelse ... 18
- DISSENS 4: GENERASJONSFORBOD MOT SNUS OG RØYK ... 19
- Eldreomsorg ... 19
- Psykisk helse ... 20
- Sjukehus ... 21
- DISSENS 5: SJUKEHUSSTRUKTUR ... 21
- Etikk i helsesektoren ... 21
- DISSENS 6: SURROGATI ... 22
- DISSENS 7: AKTIV DØDSHJELP ... 22

Økonomisk politikk ... 22
Arbeid og velferd ... 23
- Arbeidsliv ... 23
- Velferd ... 24
- Bustadpolitikk ... 25

Justis og beredskap ... 25
- Naudetatar ... 25
- DISSENS 8: GENERELL VÆPNING ... 26
- Beredskap ... 27
- Justis ... 27

Oppvekst og utdanning ... 28
- Barnehage ... 28
- Grunnskule ... 28
- Videregående ... 29
- Høgare utdanning ... 30
- Fagskole ... 31
- Barn, familie og likestilling ... 32

Frivillighet og kultur ... 33
- Frivillighet og idrett ... 33
- Kulturpolitikk ... 33
- Språkpolitikk ... 34
- Mediepolitikk ... 35

Utanriks ........ 35
Forsvar ........ 35
Nordområda ........ 36
DISSENS 9: KOLDRIFT PÅ SVALBARD ........ 37
Asyl og integrering ........ 37
Internasjonal solidaritet ........ 38
EU/EØS ........ 39

# ***Nær folk i hele Norge***

**Nært folk**

Senterungdommen skal være partiet som står opp for de som bor ytterst. Både geografisk og sosialt. Vi tror på at de gode løsningene kommer nedenfra og at vettet er jevnt fordelt i hele landet. Derfor skal vi, i likhet med de forhenværende 75 år, fortsette kampen for gode tjenester nært folk og et levende folkestyre. Vi sier derfor tydelig nei til norsk EU-medlemsskap. Vi skal derimot jobbe for at folk skal kunne leve gode liv i hele Norge. Det gjør vi ved å sørge for gode oppvekstmiljø, et variert næringsliv og gode velferdsordninger i hele landet.

**Trygghet i hverdagen**

Verden har etter 2021 endret seg betraktelig. Den sikkerhetspolitiske situasjonen er mer usikker og økonomien er mer uforutsigbar. Derfor mener Senterungdommen at vi må ta ansvar som trygger folk. Vi trenger et sterkt forsvar, god tilgang til brannvesen, ambulanse og politi og at sivilsamfunnet skal være mer forberedt på både krig, katastrofe og ekstremvær. Vi må og sørge for at folks hverdagsøkonomi blir bedre. Senterungdommen står i bresjen for at elever, studenter og andre unge skal ha gode levekår.

**Grønn forvaltning**

Norge er rikt på naturressurser. Disse må vi forvalte på en bærekraftig måte, som gjør at vi overlater jorden i bedre stand til de som skal ta over etter oss. Vi må huske at vekst er ikke å forbruke mer, men å forvalte bedre. Derfor mener Senterungdommen at det er bedre med fornuftig forvaltning av disse naturressursene enn varig vern. Skogen skal plantes, så hogges, jorden skal sås, deretter høstes, og fisken skal fiskes og foredles langs hele kysten vår.

# Næringspolitikk

## Jordbruk

Matproduksjon er eit av dei viktigaste bidraga til norsk beredskap. Landbrukspolitikk er difor beredskapspolitikk. Norsk landbruk står ved eit vegskilje, der ein over tid har sett stor nedlegging av gardsbruk. For totalberedskapen i landet er eit inntektsløft i landbruket, og sikring av vidare produksjon avgjerande. Jamstilling av bonden si inntekt med resten av samfunnet er viktig for at ein skal nå målet om 50% sjølvforsyning.

Eit viktig landbrukspolitisk mål er matproduksjon i heile landet. Dette sikrar sysselsetting i distrikta. Spreidd matproduksjon sikrar at ein i møte med eit våtare og villare klima vil sikre avlingar og produksjon om det er uår i deler av landet. I møte med klimaendringar skal norsk landbruk vere med på omstillinga til eit meir berekraftig samfunn. Gode klimatiltak skal også vere gode agronomiske grep som betrar produksjonen.

SN slår fast at kvart land har ansvar for matproduksjon til eiga befolkning, basert på eigne ressursar. I utmarkslandet Noreg avheng dette av gode prioriteringar av dei 3,5% me har med dyrkbare areal. Dette fordrar ein tydeleg kanaliseringspolitikk, der planteproduksjon til menneskemat går føre seg på areala der det er mogleg å dyrke, og husdyrproduksjonar går føre seg der det berre er mogleg å produsere gras. Det skal vere gunstig å utnytte utmarksressursane. Mest mogleg mat skal produserast på norske ressursar.

**Løysingar:**

- Inntektsgapet i landbruket skal tettast innan 2027.
- Innføra startpakke på 250 000 kr i året dei første fire åra for heiltidsbønder under 35 år som tek over eit gardsbruk.
- Matjord skal ha vern i grunnlova, og ein nullvisjon for nedbygging til anna enn jordbruksføremål.
- Agronomisk god drift av jorda skal løne seg, og det skal utarbeidast tilskotsordning som gagnar biologisk mangfald og jordbruk.
- Styrke import- og tollvernet på matvarer som blir produsert i Noreg.
- Ha høgare toll og lengre periode med tollvern på frukt og grønsaker.
- Landbruksprodukt som er importert til Noreg skal tydeleg merkast med «Importert» og landet varene er produsert i.
- Tillata motorferdsel i utmark på eigen grunn.
- Setja av øyremerka middel til folk og heving av landbrukskompetansen i Mattilsynet.

- Bryte opp daglegvarekjedene, og styrkja innverknaden til råvareprodusentane ved å innskrenke moglegheit for vertikal integrering og egne merkevarer.
- Fjerna dei konkurransepolitiske verkemidla i prisutjamningsordninga for mjølk.
- Auka tilskota til omstilling frå båsfjøs til lausdrift for å gjera overgangen til lausdrift enklare. Stimulere til at flest mogleg mjølkebruk over heile landet er i drift etter 2034.
- Endre systemet for teljedato. Husdyrtilskot skal tildelast basert på kor mange dagar kvart dyr har vore i besetninga.
- Staten skal jobbe for at næringa skal få gjennomført tiltaka i klimaavtalen for jordbruket, gjennom å sikra finansiering av tiltaka i avtalen og utan at det tyder nedskalering av arbeidsplassar og produksjon i jordbrukssektoren.
- Nå målet om nullvisjon av soya i kraftfôr til drøvtyggjarar innan 2035 ved å satsa på norskproduserte alternativ til importerte råvarer i dyrefôr.
- Innføre eit minstekrav på kompetanse ved kjøp av landbrukseigedom for å få konsesjon, samt tilby ei ordning for kompetanseheving for den som skal ta over gard på odel.
- Styrke landbruksutdanningane ved universitet og høgskular.
- Innføre fleire samlings/nettbaserte landbruksutdanningar over heile landet.
- Beitekartlegging skal ligge føre ved utgreiing av hyttefelt. Det må bli forbode å bygge hytter i beiteområde med svært god kvalitet.
- Auke forskingsmidlane til tiltak som reduserer klimautslepp i næringa, og som betrar produksjonen. Til dømes metanhemmarar til drøvtyggjarar.
- Endre utbetaling av kvalitetstilskotet på sau, slik at det vert betalt ut per kilo slakt ved oppnådd høg nok slakteklasse.
- Ta tilskot for biogassproduksjon ut av jordbruksoppgjeret og over på Bionova.
- Endre tildelinga av arealtilskot til ei ordning der ein får tilskot basert på teigen sin plassering, terreng og klima.
- Tilpasse velferdsordningane i landbruket etter dagens behov, på lik linje med andre arbeidstakarar.
- Gjere GSU til ei nasjonal ordning og skal likestillast med BSU.
- Betre betaling for dei beste ullkvalitetane i sauenæringa.
- Innføre tilskot til bygging av nye siloanlegg.
- Opprette fleire leveringspunkt for landbruksplast i heile Noreg.
- Stimulere til bruk av utmarksbeite gjennom eit auka seter- og utmarksbeitetilskot.
- Norske mikrobryggeri og vinprodusentar skal få selje eigenprodusert vare innanfor gitte alkoholprosentar på eigne utsal.

- Buplikt utvidast til 10 år på landbrukseigedomar. Driveplikt av jord og innmarksbeite skal handhevast tydlegare enn i dag.
- Opne for bruk av genredigerte plantar i Noreg, som tek omsyn til berekraft og er tilpassa norske veksttilhøve som er i stadig endring som fylgje av klimaendringar. Genredigerte planter utvikla med offentlege middel skal ikkje eigast av internasjonale konsern.

## Skog

Norsk skognæring er ei av dei største og viktigste fastlandsnæringane i landet. Skog utgjer 37 % av Noreg sitt landareal, i tillegg bind norsk skog fleire milliardar tonn $CO_2$. Dette gjer næringa til ein viktig aktør inn i det grøne skiftet. Kretsløptankegang, og klok forvalting av skogen er heilt avgjerande. Ved å hogge og plante ny skog vert skogen ein evigvarandre ressurs. For å ha kontroll på ei berekraftig skognæring er det særs viktig at meir av tømmeret skal foredlas innanlands. Dette fordrar ei satsing på heile verdikjeda i Noreg, der ein styrkar økonomien til skogeigaren, gjev stabile føresetnadar for entreprenørane og at sagbruka og industrien får eit løft samt stabil tilgang på råvare. Skogeigaren skal også ha styrka kontroll og rett til å bestemme over eigen skog, og skjøtte skogen sin aktivt.

**Løysingar:**

- Mengda tømmer som vert hogga i Noreg årleg, skal også verte foredla i Noreg.
- Auka satsen på tilskot til planting og ungskogpleie.
- Styrke kunnskapsgrunnlaget i skogbruket gjennom organisasjonar som skogkurs, samt skogbruksskulane.
- Etablera tilskotsordning for forskning på, og etablering av, produksjon av nye produkt frå skog som kan erstatte petroleumsbaserte produkt.
- Auke hogstalder på produksjonsskog for auka karbonbinding
- Stimulere til større grad av lukka hogst og plukkhogst gjennom auka tilskot.
- Innføre restriksjoner på talet utanlandske plantearter som vert planta i norske skogar.
- Auke arealintensiveringa på dei beste områda slik at det er høve for å la dårlege produksjonsareal stå urørte.
- Vidareføre ordninga med frivillig vern av skog.
- Auke tilskotet til bygging og vedlikehald av skogsbilvegar.

## Industri

For norsk velferd, velstand og busetting i heile landet, har vår industri vore heilt sentral. Med industri spreidd utover der det var gode områder for vasskraft. Medan den europeiske økonomien fell etter og vi ser en industridød på kontinentet, vil Senterungdomen jobba målretta for å vidareutvikla fastlandsindustrien. Norske naturressursar skal haustast og foredlast i Noreg i større grad i framtida enn i dag. Noreg skal skapa arbeidsplassar i heile landet, og vere eit land som går føre i klimaomstillinga. For å klare dette må store endringar til. Innovative og risikofylte industriprosjekt må få meir stønad enn i dag, og det skal verta meir lønsamt å investera i fastlandsindustri. Staten skal syte for at norske produkt i større grad vert brukt i både offentleg og privat sektor.

**Løysingar:**

- Sikre norsk industri føreseielege og stabile rammevilkår.
- Etablere ein låneordning for industriprosjekt som kan gjeve konkurransedyktige lån til prosjekt med høg samfunnsmessig lønsemd.
- Etablere ein lånegarantiordning for prosjekt i Noreg med positiv klimaeffekt i industrien.
- Realisere fullskala karbonfangst og lagring ved dei største industrianlegga på land i Noreg. Karbonfangstprosjekt skal også inkludere transport og langsiktig lagring av $CO_2$.
- Utreie moglegheiter for å vidareforedla $CO_2$ som vert lagra.
- Firma som nyttar norske råvarer i bygging skal ha ein fordel i anbodsprosessar.

## Olje og gass

Noreg har vorte eit rikt land på grunn av olje- og gassførekomstane på norsk sokkel. Klok forvaltning av denne rikdomen har gjort oss i stand til å utvikle nasjonen både på land og til havs. Dette har vore mogleg med god politisk styring av oljeinntekta. Denne styringa skal liggje til grunn for framtidig forvalting av dei norske naturresursane. Olje- og gassutvinning skal ikkje gå på kostnad av dei fornybare ressursane me har i landet. Olje og gass er framleis ein viktig ressurs i heile verda, og vert bruka til alt frå plastikk, telefonar, drivstoff og oppvarming. Senterungdomen meiner Noreg bør bruke ein del av inntekta og kompetansen i denne næringa til å vere med å gire opp den grøne omstillinga. Det kan også bety at me har verdfulle alternativ når etterspurnaden etter ikkje-fornybare ressursar vert redusert.

**Løysingar:**

- Sikre at inntekta til staten frå olje- og gassproduksjon framleis kjem innbyggjarane og lokalsamfunna til gode.
- Nytte inntekter, forskingsmidlar og kompetansen offshore i utvikling av meir grøn industri.

- Minst 75 % av matvarene som vert servert offshore skal vere norske.
- Å minska utsleppa frå olje og gassverksemder skal gjennom energieffektivisering.
- Petroleumsnæringa skal på line med andre næringar ta sin del av norske klimaforpliktingar gjennom kvotesystemet og ei særleg høg CO2-avgift.
- Byggje ut oljevernberedskapen langs heile kysten.
- Leiterefusjonsordninga må behaldast for å sikre små selskap moglegheit til å konkurrere om allereie vedtekne utvinningar.
- I dagens tryggleikspolitiske situasjon er norsk olje og gassproduksjon viktig og skal ikkje utfasast.
- Sokkelen skal ikkje elektrifiserast.

## Energi

Norge har en lang og stolt tradisjon som produsent av ren og billig energi. Høye fjell og mye smeltende snø, gir gunstige forhold for produksjon av vannkraft. Den fornybare vannkraften har gitt norske husholdninger billig strøm i årrekker, og lagt selve grunnlaget for det norske industrieventyret. Samtidig må vi ta innover oss at dårlige politiske valg fra fortiden har ført Norge på vei mot et kraftunderskudd. Manglende satsning på ny kraftproduksjon og oppgradering av strømlinjer, kombinert med byggingen av flere utenlandskabler for salg av strøm, har gitt norske forbrukere usedvanlig høyere strømpriser, mens kapasiteten for nye etableringer er sprengt. På den annen side, ligger det nye muligheter i både vindkraft, der lokalsamfunnene ønsker det, og hos private aktører som ønsker å bygge ut kjernekraft i Norge. Senterungdommen skal være garantisten for nasjonal kontroll over energipolitikken, og si nei til tettere integrering av strømnettet med Europa.

**Løsninger:**

- Det skal ikke bygges nye utenlandskabler, og de vi har skal fases ut når avtaleperiodene er utløpte.
- Vertskommunene skal ha vetorett i saker om utbygging av vindkraft.
- Kommunene skal få beholde sine egne kraftinntekter.
- Kommuner som befinner seg i samme strømregion skal kunne bruke statsforvalteren som klageorgan på planlagte utbygginger som sluker opp en uforholdsmessig stor andel av den tilgjengelige kapasiteten.
- Norges gyteområder og fiskefelt skal vernes mot utbygging av havvind.
- Gi tilskudd til energieffektivisering og redusert forbruk, gjennom Enova.

- Strømnettet skal oppgraderes og bygges ut, der hvor det er behov.
- Øke bruken av fjernvarme i byer og større tettsteder.
- Behandling av konsesjonssøknadar for utbygging av kraftproduksjon må verte meir effektiv, utan at det går på bekostning av kommunalt sjølstyre.
- Satse på norsk produksjon av biodrivstoff og bioenergi. Produksjon, salg og bruk av norsk biodrivstoff skal være avgiftsfritt.
- Øke kapasiteten ved vannkraftverkene, gjennom oppgradering, og ved å tillate bruk av sidevassdrag av vernede vassdrag til kraftproduksjon.
- Ta Norge ut av ACER, og si nei til alle forslag om videre integrering i EUs indre kraftmarked.

## DISSENS 1: KJERNEKRAFT

**A Dissens:** Nils, Dordi**,** Marthe, Sander, Ronja-Marie, Martin

- Legge til rette for bygging av kjernekraftverk, herunder med en oppdatert atomenergilov som gir rammebetingelser for etablering og drift av kjernekraftverk med sterk nasjonal kontroll.

**B Dissens:** Johannes, Marit

Stryk punktet

## Mineralnæring

Norge er et land som er rikt på mineraler. Dette er en ressurs Norge må utnytte bedre og mer effektivt. Både for sysselsetting og verdiskapning, men og for å bidra til det grønne skiftet. Det er viktig at ringvirkningene av mineralnæringer skal komme lokalsamfunnet til gode.

I en tid der land utenfor Europa står for en større del av mineralutvinningen er det viktig at Norge går foran og hevder sin plass i det internasjonale markedet, særlig på grunn av sikkerhetspolitiske og etiske årsaker. Det er også viktig å forvalte mineralene langsiktig og miljøvennlig, samtidig ivareta Norges interesser og selvforsyning av mineraler.

**Løsninger:**

- Øke aktiviteten med mineralutvinning i Norge.
- I konfliktområder skal lokale ønsker veie tyngst i behandlingen av konsesjoner
- Strenge krav til miljø og bærekraft må ligge fast i håndteringen av avfall

- Norge skal revidere tollsystemet og gjennomgå regelverket for mineralprodukter med mål om å øke bruken av norsk naturstein.
- Bare tillate fjorddeponier dersom det er anbefalt ut i fra miljøfaglige råd.

## DISSENS 2: GRUVEDRIFT PÅ HAVBUNNEN

**A Dissens**: Nils, Marthe, Ronja-Marie, Sander, Johannes

- Framtidig utvinning av mineraler på havbunnen må kun skje om et kunnskapsgrunnlag viser at det er bærekraftig og forsvarlig.

**B Dissens:** Dordi, Marit, Martin

- Ikke tillate gruvedrift på havbunnen, og hindre videre konsesjonsrunder.

## Fiskeri og havbruk

Ressursene i havet har Norge nytt godt av i over tusen år og vi vil fortsette å høste dem i all framtid. De overordnede målene for Senterungdommen i fiskeri- og havbrukspolitikken er å sikre bærekraftig ressursutnyttelse over tid, samtidig som næringene skal bidra til vekst og utvikling i lokalsamfunn, langs hele kysten.

Fiskeri- og havbruksnæringene har over tid hatt høy lønnsomhet og sikret verdiskapning langs kyst-Norge. De er også viktige for selvforsyninga i Norge. Samtidig krever næringene enorme investeringer. Det er derfor viktig å sikre stabilitet og forutsigbare rammevilkår for næringene. Det er også viktig å sikre at ungdom som ønsker å komme inn i fiskeri- og havbruksnæringene får mulighet til det.

**Løsninger:**

- Sikre en differensiert flåte, med stabile rammebetingelser over tid.
- Foreta en større konsekvensutredning før man eventuelt innfører eierskapsbegrensning i kystfiskeflåten.
- Sikre muligheten for de minste fartøyene i kystfiskeflåten til ha minst to i mannskapet ombord, når samfiskeordningen avvikles, og det innføres en sammenslåingsordning.
- Videreføre fritak fra $CO_2$-avgiften i fiskerinæringen.
- Omfordele en større andel av kvotene i åpen gruppe til rekrutteringskvoter, for å gi unge større muligheter for å komme inn i næringa.
- Erstatte tilbudsplikten med en leveringsplikt.

- Styrke og håndheve leveringsplikten til norske mottak, også for havflåten.
- Utenlandske borgere skal nektes å fiske i samiske virkemiddelområder.
- Øke hvalfangsten og fangst av andre sjøpattedyr.
- Stimulere til kommersiell fangst av pukkellaks i havet, for å hindre utbredelse av arten i norske elver.
- Kystflåten skal kunne returnere søppelet dei får i trål/not gratis på land.
- Sette i gang et større arbeid med å rydde havbunnen for å unngå spøkelsesfiske.
- Øke støtten til forskning på alternative metoder for fjerning av lakselus og andre sykdommer hos oppdrettsfisk.
- Sikre kommunenes rett til selvbestemmelse når det gjelder plassering av oppdrettslokaliteter.
- Arbeide for at norskproduserte råvarer skal dekke oppdrettsfiskens proteinbehov, og ha et mål om å fase ut bruken av soya i fiskefôr.

# Samferdsel

## Kollektivtransport

Noreg er eit langstrakt land, og eit godt og rimeleg kollektivtransporttilbod er ein føresetnad for busetnad, arbeidsplassar og næringsliv i heile landet. Det er naudsynt med store satsingar både innanfor drift og investering i kollektivtransporten. I store deler av Noreg er dagens kollektivtransport for lite treffsikkert og i mange tilfelle også for dyrt. Både barn, ungdommar og vaksne fortener eit fleksibelt, rimeleg og godt kollektivtransporttilbod nært der dei bur, anten ein tek buss, ferje, hurtigbåt, fly, tog eller anna. Dersom vi skal nå klimamåla vi har forplikta oss til, samstundes som vi gjer kvardagen til folk enklare, treng vi eit stort løft i kollektivtransporten i heile Noreg.

**Løysingar:**

- Innføre eit rimeleg, nasjonalt månadskort for alle ungdommar under 25 år.
- Syte for eit vesentleg løft i fylkeskommuneøkonomien for å styrke kollektivtransporttilbodet lokalt.
- “Heim for en 50-lapp" skal bli ei nasjonal ordning for alle mellom 14 og 23 år.
- Gjere alle ferjesamband og hurtigbåtsamband gratis for norske statsborgarar, norske selskap og personar som bur i Noreg. Utanlandske turistar og selskap skal betale full pris.
- Byggje ut fleire pendlarparkeringar, innfartsparkeringar og sykkelhotell

- Realisere ferjeavløysingsprosjekt der dette kan gjennomførast som sjølvfinansierande for fylkeskommunen.
- All kollektivtransport skal være universelt utforma.
- Det skal vere mogleg å betale med kontantar på alle kollektivtransporttilbod utan å måtte betale straffegebyr.
- Billigare og fleire nattbussar i helgene.
- Staten skal kjøpe kapasitet på ekspressbussar som går på tvers av fylkesgrenser for å oppretthalde gode tilbod.
- Ikkje inngå nye byvekstavtalar i perioden, og avskaffe ordninga på sikt.

## Jernbane

Senterungdommen vil fokusere på transport via jernbane i hele Norge. Vi ønsker et jernbanenettverk som er nasjonalt kontrollert og støttet, som bidrar til lettere kollektivtransport.

Vi ønsker å gjøre det lettere for folk å bruke jernbanen i hele Norge både til jobb, skole, barnehage og andre aktiviteter. For å få til dette må vi sørge for at EU ikke får mer makt over norsk jernbane. Vi sier derfor nei til EUs Jernbanepakke IV.

Senterungdommen mener også at jernbanen er en sentral del av norsk beredskap og sikkerhet. Dersom krig eller annen nød skulle oppstå er jernbanen viktig for transport av mennesker, varer og gods.

**Løsninger:**

- Oppgradere det norske jernbanenettet.
- Sikre at prisene for kollektivtransport med jernbane er lave.
- Bygge Nord-Norgebanen.
- Jobbe for å knytte sammen norsk og finsk jernbane, med en forbindelse mellom Skibotn i Nord-Troms med en forbindelse mellom Skibotn i Nord-Troms og/eller Kirkenes, og Finland.
- Sikre nasjonal kontroll over jernbanen og ta Norge ut av EUs jernbanepakker.
- Reversere oppsplittingen av norsk jernbane, for å sikre statlig eierskap over jernbanen.
- Slå sammen Bane Nor SF, Entur AS, Norske Tog AS, Mantena AS og Vy AS til ett statlig jernbaneselskap, med ansvar for alle delene av sektoren.

## Veg og persontrafikk

Vegnettet er avgjerande for transportsystemet i Noreg, med stor tyding for både næringsliv og lokalbefolkning. Riks- og fylkesvegnettet skal bli enno betre i åra som kjem. Liv og helse skal prioriterast i utbetring vegar og gode veger i lokalsamfunna er viktigare enn store prestisjeprosjekt. Det må bli enklare med personleg transport for unge, særleg i distrikts-Noreg.

**Løysningar:**

- Rassikringsprosjekt må bli gjennomført før andre tiltak på vegnettet.
- Firefelts motorveg skal vere unntaket, ikkje regelen.
- Vegmidlane verte fordelt ut ifrå ein fordelingnøkkel som ivaretek verdiskaping og lokalsamfunn i heile landet.
- Tillate EPA-traktor i Noreg for 16-åringar.
- Tilretteleggje for desentralisert oppkøyring og teoriprøve.
- Betre tilbodet ved dei lokale trafikkstasjonane.
- Bestått oppkøyring i førarkortklasse T skal automatisk også kvalifisere til førarkortklasse BE.
- Gjere det rimelegare for ungdom å få førerkort.
- Momsfritak til trafikkskular i sentralitetsklasse 5 og 6.
- At det vert løyvd meir pengar til tunelloppgradering.
- Det må bli gjennomført eit reellt løft for fylkesvegane.
- Vegprosjekt skal ta utgangspunkt i heile vegstrekninga og ikkje berre enkeltbitar.
- Legge ned Nye Veier AS, og overføre oppgavene til Statens vegvesen.
- Bompenger skal ikkje nyttast til annet enn bilveg.
- I størst mogleg grad nytte lokale entrepenørar på vegprosjekt.
- Forbud mot å nytte entrepenørar frå land som utgjer ei tryggleikspolitisk trugsel.
- Fjerne plombering på moped og tillate kjøring i 60 km/t, men ha strengare krav til opplæring.

## DISSENS 3: VEGSTANDARD

**Dissens A:** Sander, Ronja-Marie, Marthe

- Gul stripe skal vere minimumsstandard på riks og europaveg

**Dissens B:** Nils, Dordi, Martin, Marit, Johannes

- Vegar skal dimensjonerast etter behovet lokalt, slik at ein nyttar pengane mest effektivt og hindrar unaudsynt nedbygging av matjord.

## Sjøfart

Dei neste åra står norsk sjøfart ovanfor ei rekkje utfordringar. Særleg med tanke på konkurranse frå internasjonale rederi, klimaomstilling og kampen om arbeidskraft. For Senterungdomen er løysinga å leggje til rette for norsk eigarskap og drift, syte for at næringa kan omstille seg og at ein effektivt kan utdanne den kompetansen vi treng i heile Noreg.
Utfordringane krev ei heilskapleg tilnærming frå både næringa sjølv og myndigheitene for å sikre ein konkurransedyktig og berekraftig sjøfartssektor i framtida. Sjøfarten treng også å gå gjennom ei klimaomstilling der avgrensing av turisttrafikken er ein god start.

**Løysingar:**

- Gjere det enklare for folk som vil på sjøen å bygga opp fartstid.
- Noreg skal vere verdsleiande når det kjem til å utvikle ny skipsteknologi.
- Støtte opp om fag- og høgskuletilbodet for sjøfolk.
- Legge til rette for lokalt tilpassa kviletidsordning.
- Avgrense cruiseskiptrafikken i norske verdsarvfjordar.

## Infrastruktur

Infrastrukturen knyt landet saman, gir moglegheit til kommuniksasjon mellom folk og er avgjerande for busetnad i heile Noreg. Det tyder at det offentlige lyt ta ansvar for at det vert bygga ut internett, mobilnett, veg, jarnbane, havner, straumtilgong og flyplassar der det bur folk. Når det private byggjer ut denne infrastrukturen er det gjerne dei mest sentrale områda der det er "samfunnsøkonomisk lønsamtt" som blir prioritert, medan distrikta må vente på dei same investeringane. Senterungdomen meiner at staten må ta ansvar for å byggje ut infrastruktur nært der folk bor, også utanfor dei store byane.

Vi ser også at delar av infrastrukturen som kommunene har ansvar for, slik som vatn og avløp, får eit større vedlikehsldsetterslep. Difor er det viktig at staten investerer pengar og får et nasjonalt løft på vatn og avløp.

**Løysingar:**

- Sikre raskt internett og mobilnett i heile landet.
- Syte for eit statleg løft for vedlikehaldsetterslepet på vatn og avløp.

- Leggje til rette for at norske, fortrinnsvis lokale, entreprenørar skal byggje ut ny infrastruktur.
- Sikre nasjonal kontroll over samfunnskritisk infrastruktur.

### Fly

Flytilbodet på kortbanenettet er ein viktig del av kollektivtransporttilbodet i Noreg, og er med på knytte landet saman. Senterungdomen vil ta vare på norske lufthamner, men samstundes må ein ta grep for å få ned utsleppa knytt til luftfarten. Difor vil vi arbeide for elektrifisering og utsleppskutt i flytrafikken.

**Løysingar:**

- Styrke rutetilbodet til flyplassar i distrikta og halde fast ved ordninga med statlege rutekjøp i luftfarten.
- Gjenopprette Fagernes lufthamn, og på sikt også andre nedlagte flyplassar i distrikta.
- Ved nedlegging av flyplassar skal kommunen få tilbod om å overta arealet.
- Avinor sal drifte alle norske flyplassar med passasjertrafikk.
- Gjere FOT-ruta endå billigare for hybelbuarar på vidaregåande som er avhengige av å ta fly til og frå hybelen.
- Utarbeide ei plan for forsyning av elektrisitet og hydrogen på kortbanenettet i Noreg.
- Få ned utsleppa frå luftfarten ved å bruke avgifter til å stimulere til bruk av dei mest miljøvenlege fly- og drivstofftypane.
- Skrote flypassasjeravgifta på kortbanenettet.
- Gjenopne Rygge lufthamn for å unngå 3. rullebane på Gardermoen.

## Klima og miljø

Klimaet og miljøet er ein føresetnad for livet på jorda slik me kjenner det i dag. Menneske er i kvardagen meir skilt frå naturen enn nokon gong tidlegare, og fokuset på økonomisk vekst bidreg til auka forbruk, auka arealbruk og meir avfall. Difor må befolkninga bu seg på eit villare og våtare klima. Jamvel er me heilt avhengige av dei tenestene og ressursane som naturen gir oss. Naturen gir oss moglegheita til matproduksjon, rekreasjon, turisme og uttak av ressursar dersom me har ein berekraftig forvalting av han.

Senterungdomen meiner klima- og miljøpolitikken må bli styrt etter tanken om berekraftig bruk av norske naturressursar. Vi ynskjer eit samfunn i samspel med naturen, og ein klok forvalting der bruk og vern går hand i hand. Vi skal levere frå oss jorda i betre stand enn slik den var då vi kom hit.

**Løysingar:**

- Jobbe for at Noreg skal nå sine klimamål i samsvar med Parisavtalen, og bidra til at andre land også gjer det.
- Berekraftsmåla skal implementerast, og leggjast til grunn for all samfunnsplanlegging i offentleg sektor.
- Kommunar som vert råka av ekstremvêr og naturkatastrofar som følgje av klimaendringar skal få erstatning som monnar til å byggje opp at øydeleggingar på infrastrukturen.
- Gjere det enklare for kommunar og privatpersonar å få pengar til tryggingstiltak mot naturkatastrofar.
- Skalere ned hytteutbygging i ubygd natur.
- Innføre ei panteordning for retur av plast og ei materialavgift på ikkje-resirkulert plast for å stimulere til meir resirkulering.
- Grundig overvaking og forsvarleg handtering av nye artar som kjem inn i landet.
- Gi pengar til kommunar og fylkeskommunar for å utgreie og innføre tiltak som har positiv effekt på pollinerande insekt.
- Avgrense utbygging i myr og urskog så langt det er mogleg.
- Intensivere kampen mot svartelista hageplanter og regulere importen og sal av desse i større grad.
- Ei storstilt satsing på næringar som nyttar fornybare ressursar og bidreg til eit bioøkonomisk løft for norsk økonomi.

## Rovvilt

Senterungdommen ynskjer ein streng rovdyrpolitikk der omsynet til matproduksjon veg tyngst. Bestandsmåla i rovviltpolitikken er eit absolutt maksimum på tal dyr, og alle dyr over bestandsmåla skal takast ut. Det skal også vere låg terskel for å ta ut dyr som har ført til dokumenterte tap av husdyr.

Noreg har ikkje ansvaret for å bevare finsk-russisk ulv, og vi held fast på vår nullvisjon for ulven i Noreg.

**Løysingar:**

- Forvaltinga av rovvilt skal inn i landbruksdepartementet for å sikre ein heilskapleg vurdering av dei ulike omsyna. Forvaltinga må i større grad byggje på regional og lokal kunnskap.
- Jerv, gaupe, bjørn og ørn skal haldast innanfor bestandsmåla og skal kunne bli teke ut raskt for å redusere skadar på beitedyr og økonomiske tap.
- Det skal vere nullvisjon for ulv
- Rovdyrkontaktane må bli gjeve tillit til å utøve skjønn i arbeidet med å dokumentere dyr som er tekne av rovdyr.
- Innføre kvotejakt på hav- og kongeørn.
- Tillate lisens og skadefelling med laus på drevet halsande hund og tillate trening av desse.
- Tillate termisk sikte på jakt.
- Gje lisensjegarar rettsvern på same linje med offentlege tenestemenn.

# Helse

## Helsetjenestene

Senterungdommen vil jobbe for trygge og desentraliserte helsetjenester i hele Norge. Både primær- og spesialisthelsetjenestene skal være tilgjengelig for hele befolkningen. Etter innføringen av helseforetaksmodellen på starten av 2000-tallet har det norske helsevesenet utviklet seg i retning av å bli mer likt det private næringslivet, der pasienter behandles som kunder, og helsepersonell som leverandører av produkter og tjenester. Denne utviklingen går på bekostning av pasientenes sikkerhet, og muligheten til å tilby tjenester i hele landet.

**Løsninger:**

- Erstatte dagens helseforetaksmodell med en demokratisk modell, som sikrer folkevalgt styring over sykehusene.
- Bedriftsøkonomiske prinsipper skal ikke lenger være førende for styringen av norske helsetjenester.
- Øke rammefinansieringen av norske sykehus.
- Øke grunnbemanninga i helsetjenestene og kompetanseheving.
- Øke antallet LIS1-stillinger til 1500 i året for å sikre tilgangen på norske fastleger og spesialister.
- Bruke velferdsteknologi aktivt til å lette arbeidshverdagen for norsk helsepersonell.

- Gjøre tannlegebehandling til en del av egenandelsordningen.
- Øke aldersgrensen for egenandeler i helsetjenesten fra 16 til 19 år.
- Øke gynekologtettheten i distriktene.
- Innføre et felles datasystem for helsetjenestene i Norge.

## Rus

Senterungdommen sin ruspolitikk er streng, men rettferdig. Vi har lenge vært tydelig og mener at bruk og besittelse av narkotiske stoffer skal være ulovlig. Samtidig mener vi at tyngre rusmisbrukere skal få hjelp og rehabilitering. Senterungdommen er bekymret for utviklingen de siste årene. Vi er derfor nødt til å gå i mot normaliseringen av narkotika og sørge for at dagens barn og unge vokser opp i samfunn fri for narkotika. Politiet må få flere virkemidler i kampen mot narkotika.

**Løsninger:**

- Bruk og besittelse av narkotika skal fortsatt være ulovlig og straffbart.
- Tyngre rusavhengige skal få hjelp og tilbud om rehablitering.
- Gi politiet flere virkemidler for å avsløre bruk og besittelse, ved blant annet kropssvisitering og gjennomsøking av telefon.
- Hyppigere ruskontroll på steder med høy sannsynlig for narkotikabruk.
- Utvide tilbudet for rusbehandling i private institusjoner.
- Gi politiet meir ressurser og verktøy for å kunne raskere avdekke og spore opp også straffe de som forsøker å selje og markedsføre for narkotika på sosiale medier og liknande.
- Jobbe for at personer i alvorlige rusproblemer, som er en fare for seg sjølv kan bli innlagt mot sin vilje på rehabiliteringssenter og liknande.
- Oppfølging og samarbeid med pårørende til rusmisbrukere må styrkest.

## Folkehelse

Folkehelse handler om å fremme en aktiv og sunn livsstil, for å forhindre sykdommer og gi folk muligheten til å leve lengre, friskere liv. Det er viktig å ruste samfunnet mot epidemier, pandemier og den økende trusselen som antibiotikaresistente bakterier utgjør. Å sikre en god folkehelse handler om å både gjøre enkeltmenneskers liv bedre, samtidig som vi sparer samfunnet som helhet enorme kostnader, ved å forebygge, slik at vi slipper å behandle.

**Løsninger:**

- Forbudet mot reklame som retter seg mot barn skal håndheves strengere, også på sosiale medier.
- Skjerpe reglene for merking av mat.
- Gi alle videregående elever i landet tilbud om gratis vaksine mot hjernehinnebetennelse.
- Fjerne momsen på norskprodusert frukt og grønt.
- Innføre forbud mot smakstilsatt snus og vape.
- Tillate tobakksfri snus.
- Strengare merking av sukker og godteri i butikken, samt regulering av plassering av godteri i butikk.
- Bygge flere utendørs treningsapparat.
- Tilgjengeliggjøre flere uteområder for personer med funksjonsnedsettelse.
- Strengare sukkeravgift på godteri, gjere det billigare med sunne varer.

## DISSENS 4: GENERASJONSFORBOD MOT SNUS OG RØYK

**Dissens A:** Marit, Dordi

- Avgrense skadelige vaner ved å innføre generasjonsforbud mot snus og røyk

**Dissens B:** Nils, Martin, Johannes, Sander, Ronja-Marie, Marthe

Stryk punktet

# Eldreomsorg

Senterungdommen vil ha en eldreomsorg der livsglede er i fokus. Folk skal kunne leve gode liv i hele landet. Eldreomsorgen foregår først og fremst i kommunene og vi må sørge for at kommunene er i stand til å håndtere eldrebølgen og opprettholde kvalitet i omsorgstilbudet. For Senterungdommen er det viktig at det er et godt samarbeid mellom kommunen, ideelle aktører, pårørende og frivillige.

Flere eldre må også få bo hjemme lengre for å unngå trykk på institusjonsplasser. Derfor må det bli enklere å bygge om boligene til livsløpstandard og vi må gi eldre mulighet til å få bedre helse.

**Løysingar:**

- Legge til rette for at eldre skal bo hjemme lengre

- Jobbe for at unge og eldre møtes, gjerne i samarbeid mellom eldreomsorgen og oppveksttilbudene
- Sørge for at kommunene skal ha god bemanning.
- Gi eldre et variert aktivitetstilbud av høy kvalitet
- Innføre innsatsteam i norske kommuner
- Ideelle aktører skal er et viktig supplement for den offentlige eldreomsorgen.
- Mat som serveres på offentlige institusjoner skal være norsk
- Styrke de lokalmedisinske sentrene.

## Psykisk helse

1 av 5 ungdommer har i dag psykiske problemer og halvparten av Norges befolkning kommer til å preges av psykiske lidelser en gang i løpet av livet.

For å endre denne prognosen er vi nødt til å ta grep. Psykiske lidelser vil ikke bare ramme den enkelte, men også pårørende og nettverket rundt. Senterungdommen vil derfor prioritere forebyggende tiltak.

Flere regjeringer har økt pengebruken på behandling av psykisk helse, samtidig har antall mennesker med psykisk uhelse økt proposjonalt. Vi som samfunn må begynne å forebygge psykisk uhelse, for da reduserer vi rehabiliteringen. Dette gjør vi blant annet ved å bruke mindre sosiale medier, fritidsklubber, treningstilbud og sørger for at all ungdom har noe nyttig å gjøre i hverdagen.

Løsninger:

- Redusere ventetiden for oppfølging av psykiske plager.
- Bygge flere støttegrupper og brukerstyrte tjenester lokalt.
- Kommunale, forebyggende lavterskeltilbud innen psykisk helse skal styrkes og utvides.
- Det skal i større grad legges til rette for medikamentfrie behandlinger, slik som hverdagsmestring og hverdagsrehabilitering.
- Gi alle i alderen 12-19 år tilbud om én årlig samtale med helsesykepleier, skolepsykolog eller andre med tilsvarende kompetanse, etter modell fra tannhelsetjenesten.
- Stoppe nedbygginga i psykisk helsevern og auke talet sengeplassar innanfor psykiatrien.
- Alle som er psykisk syke og ønsker hjelp, skal få hjelp.

## Sjukehus

I store system blir menneske små. I Noreg skal vi ha eit desentralisert og offentleg sjukehustilbod som gir tryggleik for folk rundt om kring i lokalsamfunna. Sjukehuspolitikken skal setje pasienten, ikkje pengane, i fokus. Med dagens udemokratiske helseføretaksmodell er det særleg kvinner og distrikta som taper. Senterungdommen meiner styringa av sjukehusa igjen må kome i dei folkevalde sine hender.

**Løysingar:**

## DISSENS 5: SJUKEHUSSTRUKTUR

**Dissens A:** Nils, Dordi, Martin, Marit, Johannes.

- Vi skal ha ein desentralisert sjukehusstruktur.

**Dissens B:** Ronja-Marie, Marthe, Sander.

- Vi skal ha en sykehusstruktur som gir forsvarlige tjenester i landet, der akuttfunksjon og fødetilbud i distriktene er prioritert.

- Lokalsjukehusa må styrkast med midlar til oppgradering og kompetanseløft.
